

Underteikna har vore på minst 10 av toppane.

Namn: _____

Adresse: _____

Postadresse: _____

Alder: _____ (for dei under 11 år). Innsendingsfrist er **20. oktober**

Arrangement natur og friluftsliv

21. juni: Kick-off Fjellstafetten på toppen av Kalvemellin kl. 12-14. Drikkestasjon og premiar til alle. Arrangør: Øystre Slidre frivilligsentral.


22—26. juni: Fjellcamp/friluftsskule for barn 10-13 år.

Lik òg «**Fjellstafetten i Øystre Slidre**» på Facebook.



Fjellstafetten er òg tilgjengeleg i Stikk UT!. Under «Finn turmål» på stikkut.no og i Stikk UT!-appen finn du turskildringane med informasjon om turen, kvar du kan parkere og kvar du startar.

Fjellstafetten arrangeres i samarbeid mellom:



Øystre Slidre kommune
Bygdinvegen 1989,
2940 Heggnes
Tlf. 61 35 25 00

ØYSTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Tlf. 61 35 25 48



Øystre Slidre idrettslag og Rogne idrettslag

Fjellstafetten 2026

21. juni til 4. oktober



Bilete som syner Gluptindane, som er eit av turmåla i år. Foto: Svein Andre Svensli Rudi

Skilta ruter til 12 fine utsiktspunkt i Øystre Slidre.
Turar for heile familien – bli med du også!

NYTT I ÅR: Det blir digital registrering med appen Stikk UT! Appen er enkel å bruke så vi oppmodar folk til å bruke den.
Kvar topp har også ein unik kode som noterast i denne brosjyren.

Fjellstafetten har offisiell start 21. juni, men enkelte toppar vil være sett opp før den tid.

Premie til dei som har gått minst 10 av turane og T-skjorte til dei som har vore på 10 toppar i fem, ti år, femten år og i tjuve år. Uttrekkspremiar for barn. Desse kan hentast på kommunehuset Tingvang frå 4. januar. Det vert ikkje sendt ut brev.

Me ynskjer alle ein riktig god tur!




HUGS:
bandtvang,
kart og
kompass

Turmål fjellstafetten 2026

Meir detaljert info om turmåla blir lagt ut på www.oystre-slidre.kommune.no

1. Søre Bruskardknappen (1459 moh) - start ved parkering i Heimdalsmunnen
2. Nørdre Gluptinden (1555 moh) - start parkering ved stølslaget Urek
3. Skreddalsfjellet aust (1440 moh) - start parkering ved stølslaget Søre Skreddalen
4. Grønekinnkampen (1151 moh) - start ved Bitibua/ Fjellstølen
5. Toreknatten (1399 moh) - start infoplassen Langsua (Storeskag)
6. Kjølafjellet nord (1225 moh) - start ved Heimre Kjølåstølen
7. Gravfjellet (1174 moh) - start ved Yddin Fjellstogo
8. Storberggtinden (1014 moh) - start ved Vinstervegen
9. Haugehovda (711 moh) - start Raubrøtmoen industriområde
10. Kjølafjellet sør (1100 moh) - start Vangsjøen Fjellstue
11. Kalvemellen (1136 moh) - start stølen Turrsjøen
12. Skarvemellen (1267 moh) - start ved Storåksle

Fjellstafetten pågår i perioden 21. juni til 4. oktober. På startpunktet finn du kartutsnitt med innteikna sti – tilrådd rute. Fyll ut dato- og kodeloggen på denne sida og send inn foldar med namn og adresse til Øystre Slidre kommune, Bygdinvegen 1989, 2940 Heggnes, **innan 20. oktober.**



Tips til deg som går på tur i områder med frittgåande storfe, og spesielt viktig dersom du har med deg hund:

Kyr er ikkje farlege, men dei har eit sterkt morsinstinkt og vil gjere alt dei kan for å beskytte kalven sin om dei føler seg truga. Storfe utan kalv kan òg vise uønskt interesse for folk og hundar.

1. Hald god avstand!
2. Trekk deg roleg og tydeleg tilbake, eller gå ein omveg.
3. I ein akutt situasjon der kua viser teikn til å angripe; slepp hunden laus.

Dersom du ser skada eller døde beitedyr ber me om at du kontaktar kommunen på tlf. 909 26 339. Tid, stad og farge på øyremerke/halsring er viktige opplysningar.

Dato- og kodelogg

Dato Kode frå topp

Turmål nr.	Dato	Kode frå topp
1		
2		
3		
4		
5		
6		
7		
8		
9		
10		
11		
12		